



Knarvikloftet AS
Olav Kåre Vatnøy
Kvernhusmyrane 3
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1480 - 15/31712

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
12.10.2015

Etterlyser innrapportering av fettutskiljar - gbnr 188/348 - Knarvikloftet AS

Teknisk drift syner til tidlegare brev datert 24.02.2014 og 07.05.2014 vedrørende innrapportering av felles fettutskiljar ved Knarvikloftet AS og Folkemunne kafè. Teknisk drift har framleis ikkje motteke følgjande dokumentasjon:

- Type fett utskiljar/Produktsertifikat
- Størrelse på utskiljar anlegg (kapasitet)
- Berekningsgrunnlag - dimensjonering av spillvatn/belastning
- Plassering av anlegg («As built» teikningar som også viser kva som er ført på anlegg)
- Tømmeavtale med godkjent tømmeoperatør (avtale skal være signert av begge parter)
- Tømmer- og vedlikehaldsrapport for 2012-2014 (tømmefrekvens i Lindås kommune er 3-12 gonger i året).
- Årsrapport over drift og vedlikehald av anlegg.
- Temperaturmåling over minimum 3 døgn før tømning av anlegg.
- Dokumentasjon på kven som har installert anlegget.

Frist for innsending av dokumentasjon vart opphaveleg sett til 01.04.2014.

Teknisk drift har motteke ei tømmerrapport og ei temperaturlogg frå Johnny Birkeland Transport for 2014. Tømmefrekvens i Lindås kommune er 3-12 gonger i året og vert avgjort av kommunen ut i frå innsendt berekningsgrunnlag. Teknisk drift har registrert at temperaturlogging er utført 3 veker etter tømning av anlegg. Vi gjer merksam på at temperaturlogging skal utførast 3 døgn **før** tømning av anlegg. Dette for å få ei indikasjon på korleis anlegget fungerer. Teknisk drift har ikkje motteke rapportering for 2012 og 2013. Rapportering for 2014 er diverre mangelfull.

Verksemder skal kvart år sende inn rapport over drift og vedlikehald av utskiljaranlegg. Dette for å dokumentere at anlegg tilfredsstillar krav til utslepp og at fett ikkje vert ført ut på kommunalt leidningsnett og påfører dette skader. Vi ber Dykk sende inn etterspurt dokumentasjon innan **fredag 30 oktober**.

Dersom dokumentasjonen ikkje er kommunen i hende innan denne dato, vil Teknisk drift kalle inn til møte.

Det med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, samt «Utsleppsløyve for Lindås kommune» frå



Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, at Teknisk drift VA krev innsending av dokumentasjon på utskiljaranlegg ved – gbnr 188/348 – Kvernhusmyrane 3.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avlaup

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arne Helgesen

Mottakarar:
Knarvikloftet AS

Kvernhusmyrane 3 5914

ISDALSTØ